



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5908 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3425 - 14/12468

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.07.2014

Løyve til tiltak og dispensasjon - etablering av VA-anlegg - gbnr 195/176 Leiknes.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Inger Hellem
Ansvarleg s kjar: Stendal VVS AS
S knadstype: S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld s knad om etablering av avlaupsanlegg og stikkledning for tilkopling til det kommunale vassverket.

Det er s kt om dispensasjon for etablering av vassledning over område som er sett av til friomr de i reguleringsplanen.

Det er gitt l yve til tilkopling til kommunalt vassverk i skriv datert 22.05.2014.

Det er gitt utsl ppsl yve i vedtak datert 21.05.2014.

Det vert elles vist til s knad motteke 07.04.2014 og supplert 04.06.2014.

Sakshandsamingsfrist

S knaden var ikkje komplett n r den var mottatt.

Ansvarleg s kjar og andre involverte f retak m  registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for   unng  gjentakning.

S knaden var komplett og klar for handsaming den 04.06.2014. Det er ikkje lovfesta tidsfrist for handsaming av saker som krev dispensasjon fr  gjeldande plangrunnlag etter pbl § 21-7.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalst 

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Planstatus

Eigedommen ligg i område som er omfatta av reguleringsplan Leknes Vest. Delar av omsøkte stikkledning for vatn ligg innanfor område som er sett av til friområde. Tiltaket er følgjeleg ikkje i samsvar med plan og krev dispensasjon.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Søker dispensasjon til å legge vannledning som går over område som er avsett til friområde i reguleringsplanen for Leknes Vest.
Kan ikkje sjå at de er til hinder da deler av ledningen skal graves ned og resten skal båret inn/gjennom fjellet og vert ikkje synlig for noen., eller til hinder for friområde og dei som bruker de.

Søkjast om fritak frå nabovarsling, jf pbl § 21-3. da de er så mange erklæringar som ligger med frå alle be rørte naboar og håper da på fritak for varsling om dispensasjon i denne saka.

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden er send på uttale til Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Det er ikkje mottatt uttale.

Vedtaket vert send Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling av dispensasjonssøknaden. Det ligg føre ulike erklæring med løyve til omsøkt tiltak frå alle naboane som vert berørt av tiltaket. Kommunen vurderer at tiltaket er tilstrekkeleg opplyst for naboane og at ytterlegare varsling av dispensasjonssaka ikkje er naudsynt.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 07.04.2014.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Dispensasjonen gjeld etablering av stikkleidning for vatn der delar av stikkleidningen går over regulert friområde. Stikkleidningen vil liggja delvis i borehol og delvis i nedgravd trase. Terrenget skal reetablerast. Etablering av vassleidningen vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil sikra helsemessig trygt drikkevatt.

Fordelane ved omsøkte tiltak vert vurdert å vera større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt som omsøkt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre naudsynpte løyve til å leggja anlegget over privat grunn og til å nytta felles utsleppsleidning.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF) for heile tiltaket.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 12-4 (reguleringsplan) for etablering av delar av stikkleidning for vatn slik det er søkt om.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg og stikkleidning for tilkopling til kommunalt vassverk i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 07.04.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**
- 3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 22.05.2014, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.**

4. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve vedtak 21.05.2014, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK/PRO/UTF	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Heile tiltaket
*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning					

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3425.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan	1	Kr 8 500,-
10.2.6	Basisgebyr for andre bygningar, konstruksjonar og anlegg	1	Kr 3 700,-
10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett der føretaket har sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 13 200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Hellem	Leknesvegen 91	5915	HJELMÅS
Hordaland Fylkeskommune	Pb. 7900	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN

Mottakarar:

Stendal VVS AS	Blombakken 1	5908	ISDALSTØ
----------------	--------------	------	----------